

Kontortider

Vi har fast kontortid:

kvar måndag og torsdag kl. 19.00 - 21.00.

Huset leiger vi ut til ulike arrangement, som f.eks brudlaup, konfirmasjon, årsmøter, fagmøter mm. I tillegg leiger vi ut bord og stolar til privat bruk.

Kontakt oss på tlf. 43 08 08, eller kom innom i kontortida.

Når vi leiger ut huset til brudlaup og andre arrangement med servering, kan vi skaffa folk til koking og servering.

Vi kan og ta opp videofilm!

Kontaktperson for husstyret: formann Ole Moi, tlf. 43 25 50.

Støtt våre annonsører

VARHAUG MISJONSHUS



MELDINGSBLAD VÅREN 1991
3.årgang

Føremålet

Føremålet med huset er:
Ved bruk av dei nådemiddel som er gitt oss i Guds ord å fremja Gudsrikets vekst i bygda, samt senda evangeliet ut på misjonsmarkene. Alt på Bibelen og den lutherske vedkjenninga sin grunn, og etter dei retningslinjer som dei fire hovedorganisasjonene arbeider etter. (Frå §2 i lovane for Varhaug Misjonshus)

Eigarar av huset

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Steinar Ånestad, tlf.: 43 07 67

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Rolf Magne Lerbrekk, tlf: 43 00 75

Ryfylke og Jæren Indremisjon

Formann:

Per-Arvid Jakobsen, tlf.: 43 00 82


Rogaland Indremisjon

Formann:

Lars Jan Nord-Varhaug,
tlf.: 43 10 02

INNHALD

- 3. ANDAKT
 - 5. NYTT FRA STYRET
 - 7. FRÅ 30-ÅRSFESTEN
 - 9. NMS GUTELAG
 - 11. FRÅ 30-ÅRSFESTEN
 - 13. SEMESTERPROGRAM for
Varhaug Kr. Ungdomslag
 - 15. VARHAUG MINIKOR
 - 17. MISJONÆRAR TIL
MADAGASKAR
 - 19. framhald frå side 17
 - 21. framhald frå side 11
 - 23. framhald frå side 5
 - 24. KONTORTIDER
- Layout: Tekst & Idé, Nærbo
Trykk: Jærinfo, Bryne



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, 4360 Varhaug

Tlf. 04 43 04 77

RUNE ODLAND

daglig leder

Privatadr.: Kråkev. 12, 4360 Varhaug

Tlf.: 04 43 06 20

ANDAKT:

KvenerGud?

Ofte kan vi stilla dette spørsmålet: Kven er Gud? Vi ser på fjernsyn at folk ber til andre gudar, og kan ein verkeleg i alt mylderet vita kven som er Gud med stor bokstav?

I Bibelen finn ein ei forteljing om profeten Elia på Karmelfjellet. Du kan lesa den i 1.Kongebok kap. 18. Israelfolket med kongen i spissen har vendt seg frå fedrenes Gud og tilber no Baal. Elia er den einaste av Herrens profetar som er igjen i landet, og no skal det avgjerast kven som er Gud.

"Kor lenge vil de halte til begge sider? Er Herren Gud så hald dykk til han, og er Baal Gud, så hald dykk til han". Kap. 18, v. 21.

Teksten beskriv korleis offera vert lagt tilrette på alteret. Ingen skal tenne ild på bålet. Det skal ein be gud om å gjera. Den guden som då svarte med eld, han var Gud.

Baal-profetane tek til å be først. Dei ber frå morgon til middag, men ingenting skjer. Inngåande vert det skildra korleis dei hinka omkring alteret, men ingenting skjer. Elia er tar dei og spør om guden søv eller er på reise, sidan han ikkje svarar med eld.

Men ingenting skjer.

Då er det Elia trer fram på scenen. Han byggjer eit altar, legg offeret på veden og slår vatn over det heile for å gjera det endå meir klart at her er det ikkje noko fusk.

Så bed han om at Gud må svare. - Og Gud svarar med eld som brenn opp alt, både steinar, offer og vatn.

Israelfolket fekk denne dagen verkeleg oppleva at det er bare ein Gud. Og valget for folket var enkelt etter dette. Det måtte vera fedrenes Gud som var den verkelege Gud. Ingen tvil om det, den dagen.

Og så kan vi seia at det ikkje er så lett for oss å tru på Gud. Nei, så klart er det bare eit fåtal av oss som opplever det. Vi kan av og til streve med tvil nokon kvar av oss. Men skaparverket vitnar om at Gud er til. Og Bibelen vitnar om kven Han verkeleg er.

Ikkje minst møter ein Gud gjennom Jesus.

Jesus gjekk omkring og gjorde teikn og under, og forkynte om Guds rike.

Då måtte det vera enkelt å tru, tenkjer vi. Men det ser ikkje slik ut. Motstanden var stor då og.

Men i møte med Jesus vart trua skapt. Slik er det også med oss. Trua vert skapt i møte med Jesus. Han møter oss i sitt ord, Bibelen. Han er til å satse på. Bare prøv.

FOR BARE HAN ER GUD.

Jon Aarland,

Distriktsprest i Alta Indremisjon

SI.BYGG A/S



**SKRETTING &
INGEBRETHSEN**

4360 Varhaug, Tlf.: 43 05 82 - 43 93 39

**VARHAUG S
HANDELSLAG**
TLF. (04) 43 02 11



NÆRHO TLF (04) 434771 VARHAUG TLF (04) 430875

NYTT FRÅ STYRET

Helsing frå styret, utdrag av årsmelding -90

Møteverksemd:

Det har vore 241 gratistilstelningar for ca. 500 medlemmer av sundags-skule, Yngstes, Yngres, og anna barnelagsarbeid. Korøvingar for barn fra 4-årsalderen til vel vaksne menn. Andre tilstelningar har vore 565. Alt frå misjonsveker/basarar til fagmøte i Agro, Felleskjøpet, svineavlslag, bondelag, handelslag, meieri o.a. I tillegg kjem familiesamlingar som konfirmasjon, brudlaup og åremåls-dagar.

Styrearbeid:

Det har vore 10 styremøte, og det er handsama 30 saker. På eit styremøte møtte formennene i eigarorganisasjonane. Styret hadde ansvar for husbasar, styrets kveld i mai, eldrefest, og, i år, 30-års fest. I tillegg kjem reinhald av "gamlebygget" og ymse dugnadsarbeid. Me nemner og kontorvakt kvar måndag og torsdag mellom kl. 19 og 21. Telefon nr. 43 08 08.

Meldingsbladet kjem ut 2 gonger om året. Dette nr. som du sit med no, og så eit nr. før husbasaren til hausten.

Styret rettar hermed ein stor takk til alle, privatpersonar, foreiningar og næringsliv for støtte og interesse. Ein ekstra takk til dykk som har reinhald i nybygget. Kan dette fortsetja, vil huskassa spara minst kr 120 000 kvart år.

Økonomi:

Ved årsskiftet var me **gjeldfrie**. Takk til bygdefolket for stor innsats med nedbetalinga. Me ligg minst 1 år føre nedbetalingsplanen. Utruleg -- takk - takk!!


Annan opplysning:

1. Det er no oppretta kommunalt kontaktutval for bygg som misjonshus, bedehus, grendahus og liknande bygg. I styret har me Knut Harald Håland og Holger Kjølvik, sistnemnde er formann. Styret er glade for at dei var villige. Me trur at utvalet vil vera til nytte for, kulturarbeidet. Både med organisering av tilskot

Framhald side 23 -->

BRØDRENE RISA!

Grustak - Skretting
Tlf: 04-43 37 99



R. Skretting

SLAKTERFORRETNING
Telefon (04) 43 02 16
Bankgiro 3335.05.20363

Stueland Møbler

-PÅ VARHAUG
4360 VARHAUG. Tlf. (04) 43 00 77



Postboks 56
Stasjonsv. 18
4360 VARHAUG

Telefon: 43 10 00
Telefax: 43 10 04

Konsulent innen rasjonalisering og automatisering
i industri og næringsliv!

Planlegger, konstruerer, tegner og sørger for bygging av **SPECIALMASKINER**

Ad 30 års festen for

Varhaug Misjonshus,

15. desember 1990

Ved innlegget mitt om vekkjingane i bygda dette hundreåret, hadde det vore rettare å seie at der ikkje hadde vore "store" vekkjingar dei siste tretti åra, i motsetnad til dei 9-10 "store" som eg nemnde i dei første seksti åra. I denne tidsperioden var der og nokre "mindre" vekkjingar.

Med "store" vekkjingar meiner eg dei som greip om seg så heile gardar, grender og bygdelag vart omsnudda. Då store deler av bygda "song den nye songen". For dei som "kom med" har det like stor verdi anten det var ved ei "lita" eller "stor" vekkjing - heldigvis.

Men hensikten med å ta fram desse tinga av den kristne saga i bygda var ikkje å setja "store" og "små" vekkjingar opp mot kvarandre. Men å visa til at dei første seksti åra kom rekrutteringa til

den kristne forsamlinga ved vekkjingar, mens dei siste tretti åra har rekrutteringa kome ved "den bevarande" verksemda. Eit tilsig så stort av born og ungdom at oppslutninga til misjonshus og kyrkje ikkje har skrumpa inn, men auka. Det er gildt å sjå at så mange unge og vaksne går inn i arbeidet og leiinga av alt barne- og ungdomsarbeidet, og det var for å gi desse honnør og takk at eg tok fram desse tinga. Dei er med og "leier vår ungdom på dine vegar". Såkornet spirer og veks til mogen grøda. Me eldre gler oss ved å sjå dette. Herren signe dykk trugne arbeidarar.

Varhaug, januar 1991
Harald Skretting

P.S. På festen fekk me og m.a. høyra nye røyster om kven som hadde gjort og gitt så mykje i byggjefasen at det var nemneverdig. D.S.

I NNBRUDDSSIKRING

med F.G. godkjente låser. Reparasjon av dører og vinduer
- alt i beslag - låssystemer - dørlukkere - garasjeportåpner
levering og montering.

RING:

Tlf.: 43 06 19, Mobil: 090 44 361
Audun Sleire

ROGALAND LÅS
BESLAG SERVICE






VARHAUG

NAILMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
EINERVEGEN 3
Tlf.: 43 07 57



Salg og montasje av betongelementer

NYTT GJØDSELLAGER?
SPØR OSS!

Tlf.: 43 06 44



BYGGMESTER

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 VARHAUG
Telefon (04) 43 01 27 Autm. Mobil tlf. 094-77 885

NMS GUTELAG

Gutelaget har møte annankvar torsdag, og tek til med ein andakt før vi startar å arbeida. Laget er delt i to grupper, ved at gutane frå 4., 5., og 6. klasse held til på barneskulen på sløyden. Dei pussar og set saman ting av tre. Det er leiker og nyttige ting. Den andre gruppa, dei som går på ungdomsskolen, held til i kjellaren på Misjonshuset. Der



kan dei læra å bruka tredreiebenkane til å dreia ting med. Det er mange muligheiter. I eit anna rom, "Metallsloydrommet", skrur vi på motorar. Det er stor stas når vi får dei til å sviva. Eller vi lærer litt å sveisa, og laga ting av metall.

OM våren har vi basar, og så er vi med på Julemesse før jul, så vi hjelper til med å skaffa pengar til misjonen.

Elles så har vi kosekveldar, turar og week-endar. Men målet med laget er fyrst og framst å peika på Jesus og å lære han meir å kjenna, og å ha det gildt i lag. Er du i denne alderen, så er du hjarteleg velkommen i lag med oss.



ESPEDAL BLIKK

4360 VARHAUG • TLF. (04) 43 07 17

Mobil 090 - 46 175

— en god kontakt på Jæren

**Aanestad
Elektro as**

Tlf. 04-43 75 33

Gjertrud Damefrisør


Pileveien 2
Tlf.: 43 02 87

Alle byggevarer i
tre og betong
på ein stad

VARHAUG BYGGMARKED
Tlf. 43 11 55

SKAL DU GRAVE?
KONTAKT

ERLING AUESTAD
MASKINENTREPRENØR



Alt innen graving
Tlf 43 08 78 - VARHAUG
Mobil tlf.: 090 77 079

30-årsfest for Varhaug Misjonshus, 15.12.90.

Ca. 200 festkledde kvinner, menn og barn møtte fram til eit festpynta misjonshus. Formannen ønskte velkommen og opna med ord frå Efsarbrevet 4, v. 1 - 6 og v. 11 - 16. Haldis Skåland las prolog som ho hadde skrive sjølv.

Odd Dubland tala, og kom i fyrste del med nokre minne frå det gamle forsamlings" Huset". Han nemnde tidlegare leiarar og deira særpreg og stil. I gamlehuset var det ei kvinneside og ei mannsside. Han las Guds ord frå Luk. 10, v. 38 - 42, som handlar om Marta og Maria. Kom inn på kor flittige folk var til å gå på misjonshuset for å høyra Guds ord. Trua kjem av forkynninga og forkynninga av Guds ord. Huset er ein plass vi skal

oppbyggjast i den heilage tru, eit hus vi skal be i. Er du ferdig til å døy? Eg veit ikkje ..., men eg skal døy i noko som er ferdig.

Etter matøkt med god mat, overtok Malena Stavnheim med historikk: Tanken om å byggja nytt begynte allereide i 1944. Pengeinnsamling vart sett igang, men av forskjellige grunnar vart byggjinga utsett.

I 1955 vart det igjen sett i gang planar om nytt misjonshus. Desse planane vart til det huset som vart innvigd 17. desember 1960. Det meste av arbeidet vart gjort på dugnad. Huset vart bygd for framtida, og det gjekk 23 år før ein begynte å grava ut til tilbygg. Oppstart på det var 10. mars 1983, og innviing 17. november 1987.

Framhald side 21 -->



Dei var til stades av dei som begynte arbeidet i 1944. Frå venstre: Ådne K. Skrettingland, Asbjørn Stueland, Andreas Varhaug, Karl Skrettingland, Olav Varhaug. Ole Moi, formann, med mikrofonen.



VARHAUG AUTOSENTER

v/Trond Jan Ueland ☎ (04) 43 03 15

Åpningstider: Mandag - fredag kl. 07.00-20.00. Lørdag kl. 08.00-20.00. Søndag kl. 09.00-20.00

NOROL

TENK NORSK — TANK NOROL

ODLAND A/S

4360 Varhaug

Tlf. (04) 43 09 59 — 090 47 444

**Forskaling og støyping
Betong- og trearbeid
Salg og montering av element
Armering — Tegning**

Byggmester

TRON STOKKELAND

Alt i nybygg og reparasjoner.

Tlf.: 43 00 17 Mobil: 090 77 130

SEMESTERPROGRAM - VÅREN 1991

Varhaug Kr. Ungdomslag

Motto: Ungdom for Kristus

MARS

- 8.: Basar
- 9.: Bønne- og vitnemøte
- 30.: Påskemøte

APRIL

- 20.: 50-års jubileum
- 27.: Temakveld

MAI

- 4.: Rekekveld
- 11.: Årsmøte
- 17.: Fest på Holmavatn
- 25.: Israelskveld m/dessert


JUNI

- 1.: Sommarkveld
- 8.: Tur/Møte
- 15.: Bønne- og vitnemøte
- 22.: "Kvelden før"
- 23.: Jonsok

Samlingskveld
hver fredag
på "loftet".

Bønnestund
før de fleste
arrangement kl 19.30
Se plakatane!

Du er
hjertelig
velkommen
på
møtene våre!



TEPPE- OG TAPETSENTERET PÅ VARHAUG OG VIGRESTAD

Halvorsen's fargehandel

4360 Varhaug — Tlf. 43 05 97
4362 Vigrestad — Tlf. 43 73 89



Leif Arne Tjensvoll

Gulvlegger

Tepper og gulvbelegg.

Tlf.: 43 03 98 / Mobil: 090 42 564

Betongelementer

til driftsbygninger, uthus, bolighus, m.m.



HÅ ELEMENT A-S

Postboks 120, 4360 Varhaug
Tlf 04/43 07 88 Priv. 04/42 04 39

SPESIALUTSTYR I BORING

Kjerneboring - Kiling - Betongsaging v/G. - Minigraver - m/meisleutstyr for fjøs og kjeller.


Traktorgraver - også m/meisleutstyr.

Skurtresking - Pressing - Ballevogn - Vakumvogn m.m.

EGIL HÅLAND

4360 Varhaug, Tlf. 43 04 94, Mobil 090 46 25 55

VARHAUG MINIKOR



Varhaug Minikor er nå 6 år gammalt. I år har koret 110 medlemmer frå 5 til 8 år! Vi har øving kvar tysdag ein liten time. Songane vi brukar, gir uttrykk for bibelske sanningar og den kristne gleda. Songar med enkle tekstar og eit rikt innhald. Vi syng mest på Misjonshuset, men av og til tek vi buss til Nærbø eller Vigrest. Elles lagar vi også festar for oss sjølve og familiane våre. Koret har 6 vaksenleiarar.

For Varhaug Minikor, *Guðrun Tora*.

LOVISE'S FOTKLINIKK

Klokkerv. 12, 4360 Varhaug

Off. godkjent fotterapeut
medl. av N.F.F.

- Behandlingstilbud
- Alminneligfotpleie
- Fjerning av torner/hard hud
- Vortebehandling(frysemetode)
- Nedgrodde negler
(reg. negler med bøylebeh.)
- Fotmassasje
- Salg av
helsesko, fotkremer m.m.

Timebestilling:

man.: 9 - 19, tirs.-ons.: 8 - 16

Tlf.: 43 05 08

**Erik Håland
Maskin A/S**

**AUTORISERT
ENTREPRENØR**

**Graving
Transport**

Kloakkarv. 12
4360 Varhaug

**Telefon
(04) 43 05 08**

**Mobiltelefoner
(090) 75 446 - 44 505 - 44 402**

Velkommen til



Liv Karin's
HÅRDESIGN
FOR DAMER OG HERRER
Innehaver
Liv Karin Tjensvoll
Aut. hårolog
Skulegaten 11, 4360 Varhaug
Tlf. 04 - 43 10 18

Vi hjelper deg med dine byggeplaner

BRYNE
Magnar Håland
Tlf. 48 26 77
Jernbanegt. 9



VARHAUG
Magnar Håland
Tlf. 43 04 95
Mandag — fredag

Block Watne Boliger as

Mandag er husdag til kl. 19.00

HÅRØRS


AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
4360 VARHAUG



Svein Lobekk
Egon Lobekk
4360 Varhaug

Tlf.: 43 09 99
Tlf.: 43 04 15
Mobil: 090 47 857

Misjonærer til Madagaskar



Finst det enno folk som reiser til Madagaskar som misjonærer? Det må vel vera hundre år sidan Misjons-selskapet begynte å senda folk dit, og vi har høyrte så mykje og sett så mange lysbilete at det kan vel ikkje vera plassar vi ikkje har høyrte om?

I år er det 125 år sidan dei første norske misjonærane klatra frå kysten og opp til hovudstaden på godt over 1000 meters høgd. Den gongen gjekk det langs stiar med bærestol og bærarar. Etter mykje om og men fekk dei lov til å starta

arbeid på den søre delen av øya - i pas-seleg avstand frå hovudstaden og dei engelske misjonærane som alt hadde fått sikkert fotfeste både på slottet og i dei bestemmande lag av folket der.

Då vi for snau 5 år sidan kom til Madagaskar og Antanarivo, hovudstaden, kom vi ikkje frå kysten og opp, men med fly ovanifrå og ned. Og alt før vi sette foten på bakken, kunne vi sjå tydelege merke etter mange års misjonsarbeid. Kyrkjjetårna såg ut til å ligga tettare her enn heime. Bilturen dei 17 mila opp til Antsirabe kor vi norske har vår hovudstad, og kor vi skulle læra gassisk bekrefta iakttakelsen: kyrkjjetårna ligg tettare. Då vi neste søndag etter ein spasertur langs "Rue de Stavanger", forbi ein flott katolsk katedral kom

Framhald side 19-->

Sentrum salongen

DAMEFRISØR
HERREFRISØR
ORIG. WOLFF SOLARIUM
Mølleveien 13 Telefon : 43 11 02

Al Rogulandsmeieriet

VARHAUG MEIERI

4360 VARHAUG



TELEFON (04) 43 03 18

BANKGIRO 3335 05 00214

Varhaug Servicenter

Øvestad og Gya

Tlf. (04) 43 02 33

4360 Varhaug



A. Auestad A/s

4360 VARHAUG

Ole G
Nord Varhaug & Co a.s

Dublandev., 4360 Varhaug
Tlf. (04) 43 02 44

- STÅLKONSTRUKSJONER
- SVEISING
- MASKINERING

Misjonærer til Madagaskar.

Framhald frå side 17

til vår lutherske kyrkje, vaks undringa. Vi gjekk slett ikkje åleine i Stavangergata. Fleire hundre andre gjekk same vegen, med Bibel og salmebok under armen. Ein del svinga inn hjå katolikkane, men mange fortsette fram til den store mursteinskyrkja med plass til 2000 menneske; Fiangonana Loterane Malagasy - den gassisk lutherske kyrkja.

Då vi kom inn, var det stort sett plasser att på galleria og langs vegane. Slik er det kvar sundag. Og då den firstemte salmesongen starta - med til dels kjente melodiar, men svært så ukjende ord - begynte vi å lura på kva vi skulle kunna gjera her. Den gassiske presten talte lenge - og sikkert godt -, men det einaste ordet vi kunne oppfatta var Jesosy, resten av orda var ukjende. Kva skulle vi kunna tilføra her? Det var sikkert mykje vi kunne læra

Etter eit snaut år var vi på plass i Sambava - heilt nord og aust på øya, denne gongen berre 3 meter over havet og dryge 100 meter unna. Her møtte vi ei annan verkelegheit. På sundagane var det nok folk som gjekk med Bibel under armen her og, men dei var ikkje mange, og dei gjekk mot venteværelset i eit hus med påskrifta "Tobin-pahasalamana FLM" - den lutherske kyrkja sin poliklinikk. Eit lite venterom var nok, og det var vel helst dei tilsette ved klinikken som sat på dei fleste stolane. Prest var

her ikkje, så ein murar var fast leiar, og talen gjekk på omgang mellom doktor og sjukepleiarar. Men no hadde orda vorte kjende, så det heile var nok vel så gildt som fyrste gongen i storkyrkja på Antsirabe. I Sambava var det heller ingen grunn til å lura på om vi hadde noko å tilføra. Her stilte oppgåvene seg raskt i kø.

Eg skulle vera leiar for evangeliseringarbeidet i eit større område rundt Sambava. 7 evangelistar var plasserte rundt i området. Ein for ein dukka dei snart opp i Sambava - for å ynskja velkommen, - for å avtala besøk i sine byar, - for å få reparert sykkelen sin, - og for å få lønning. I løpet av 3 korte år starta evangelistane 44 kyrkjelydar. Spørsmålet om å koma, kom frå endå fleire byar.

Og dette skulle vi som misjonærer få vera med på. Bibelen sitt ord om Jesus som verda sitt ljøs fekk lysa inn i eit mørke kor menneske var på leit etter noko anna enn åndemaning og fedretru. Seinare kom andre oppgaver. Vi fekk pengar til kyrkjebygg i Sambava frå det Lutherske Verdensforbund, så no fyller bortimot 200 born og vaksne eit litt større bygg i utkanten av byen.

Det siste vart oppstart av bibelskule, så når vi om nokre månader set kursen sørover att, så veit vi at det enno er bruk for oss som misjonærer på Madagaskar, då som styrar på ein liten bibelskule like ved Sambava - litt fleire meter over havet - og dessverre bortimot 5 kilometer unna.

Jonas Skrettingland

**BLOMSTER OG GAVER
TIL
ALLE ANLEDNINGER**

- Dekorasjonar
- Bukettar
- Kransar/båredekorasjonar
- Brudebukettar
- Grønne og blomstrande planter



Lilekonvallen
4360 Varhaug

Tlf.: 43 03 25

STORT UTVALG I
SÅPE OG
SALZBURG-UTSTYR

SLÅING, PAKKING

OG PRESSING

av høy, gras og halm

Ervind Skretting

Tlf.: 43 03 89 / 090 44 268

**Erik og Kristian
Aarsland**

060 72 377

TRYGVE HÅLAND

**Lastebil transport m/kran
Transport og spreiring av skjellsand
Boring og spengning**

Tlf.: 43 08 47 / Mobil: 090 42 612

ARNE PRIMSTAD

4360 VARHAUG - Tlf.: 43 05 14 / Mobil: 090 47 068

Belegningsstein - Hagearbeid

Natursteinmuring - Asfaltering - Håndgraving - Plantebeskjæring
Minigraver - Miniconteinere - Comp.-laster - Transport

HØSTTILBUD: - 10% på ARBEID og MATERIELL

FRAMHALD frå side 11

Under intervju kom det fram at det i 1944 var allmannamøte der det vart bestemt at det skulle byggest nytt hus på ny grunn. Dei fortalde at dei reiste rundt og såg på andre hus, og fekk teikningar av det dei lika best. Innsamling av pengar begynte, og dei to fyrste gjevarane gav 1000 kr kvar, elles var det vanleg med 100 kr. Til saman fekk dei inn kr 33 000.

Desse fortalde at det var stor oppslutning om byggjinga. Folk kom med traktorar og lastebilar og var med under utgraving, stein- og sandkøyring o.l. Det vart brukt ein stor betongblandemaskin som dei lessa opp med traktorapparat. Elles var det mange tunge tak for å få betong opp til toppen av det høge bygget. Byggjearbeidet varte i ca. 2 år.



Byggjekomite 1960. Frå venstre: Harald Skretting, Lars Reiestad, Jon Efstad, Karl Skrettingland.

Det var helsingar frå:

Hallvard Tunheim minna om orda i 1. Kor. 15, v. 58. "Derfor, mine kjære"

Per Arvid Jakobsen minna frå Kol. 3, v. 16. "La Kristi ord få rikelig plass"

Anne Varhaug (Ungdomskoret) gratulerte med dagen og overrakte ein kaffitraktar som takk for gratis øvingsplass for koret.

Asbjørn Stueland (Ungd.laget) takka og for det gode huset som vert godt tilrettelagt for ungdomane.

Ådne P. Skretting gratulerte med dagen. Blant anna hugsa han godt at han vart oppfordra til å gje kr 100 til huset - rundt 1944 tente han kr 90,- pr. mnd. før skatten var trekt.

Til slutt avrunda *Jonas Skrettingland* med ord frå Mark. 16, v.5. "Gå ut i all verda og forkynn evangeliet". Matt. 6, v.33: "Søk først Guds rike og hans rettferdighet, så skal du få alt det andre i tillegg". Ungdomskoret gledde oss med song.



JÆREN LANDBRUKSSENTER AS

Postb. 147, 4361 Varhaug, tlf. (04) 430175 - 430472

JÆREN AUTO

Import og salg av BRUKTBILER og BILDELER

Fronter - karosserier - motor og gir

Tlf.: 43 04 22 Mobil : 090 72 253

4360 VARHAUG

SR-PERSONKONTO

Passer for alle som ønsker
høy rente på innskudd.
Renten sees i sammenheng
med innstående på konti
for sparing med skattefradrag.
Kontakt oss
for nærmere orientering.



SPØNEBALLER

HØY - GOD KVALITET

KLAUHOGGING

HESTASKOING

Henv. Arvid Mæland

Tlf.: 43 03 81 etter kl 22.00

Mob.: 090 45 074 hele døgnet

FRAMHALD frå side 5

i pengar, og for å skapa breidde i kultursynet.

2.I dette nr. ligg ikkje den vanlege giroblanketten med. Vil nokon framleis støtta arbeidet med pengar, kan de setja beløpet inn på konto 3335 11 24011 i SR-Bank Varhaug.

I 1991 vert det Misjonshuskveld ved Ungdomslaget 8. mars. Styrets kveld 15. mai og Misjonshusbasar 27. og 28. september. Styret ynskjer god oppslutning om desse tiltaka, spesielt sidan organisasjonane sine kr 10 000 - kveldar går ut frå 1991.

3.Eit så stort anlegg som vårt krev årleg vedlikehald, og kostar, sjølv om styret gjer arbeidet på dugnad.

Styret har syn for at huset skal vera godt også i framtida, ja, om mogleg tena brukarane ennå betre. Eitt tiltak er heis, for at eldre og uføre, ved sjølvbruk, skal koma opp i 2. etasje i nybygget. Den heisen me har festa oss med er rimeleg, men enno ikkje godkjend for offentlig bruk. Dei som brukar heisen, driv på dispensasjon. Så snart heisen vert godkjend, vil me gjera meir med dette, og det håpar me kan verta om ikkje så lenge.

Styret tek med glede imot synspunkt og positiv kritikk, så kom til oss, og ikkje andre, med ting som skulle og kunne vore annleis.

Styret

Konfeksjonsforretning og auksjoner:



UELAND
STORMAGASIN

VARHAUG -- Tlf. 04 - 43 07 77

Dame- og Herrekonfeksjon - Varhaug

Jone Haugstad, daglig leder

Telefon: 04 - 43 03 02

Telefax: 04 - 43 03 66

Mobil: 090 43 916

Adresse: Postboks 89, 4360 Varhaug

JÆR
MEK AS